

LANDSMØTE 2016

FRAMLEGG TIL FORRETNINGSORDEN

1. Landsmøtet vert varsla i samsvar med LLP sine vedtekter. Berre saker som er nemnde i innkallinga kan handsamast på landsmøtet.
2. Landsmøtet gjer vedtak om forretningsorden under konstitueringa av møtet.
3. Med mindre landsmøtet fastset noko anna, er møtet offentleg.
4. Leiaren i styret opnar landsmøtet og leiar val på møteleiinga.
5. Årsmøtet vel to ordstyrarar som deler på møteleiinga.
6. Framlegg til vedtak skal leverast skriftleg og underteikna til møteleiinga. Framlegg som er sendt inn før landsmøtet, må fremjast frå talarstolen om det skal kome med i den endelege voteringa. Den som har fremja eit framlegg til vedtak i ei landsmøtesak skal få ordet for å grunngi dette. Når det er tenleg kan møteleiinga gi eit forslagsstillar ordet utanom tur. Deretter kan ein representant for styret få ordet, dersom det ikkje er styret som har fremja framlegget. Etter dette får landmøteutsendingane ordet i den rekkjefølgja dei teiknar seg. For debatten gjeld følgjande reglar:
 - Debattantane skal nytte den talarstolen møteleiinga fastset.
 - Utanom innleiingar har ingen rett til meir enn to innlegg i kvar sak. Det første innlegget kan vere på maksimum 5 minutt, andre innlegget maksimum 3 minutt.
 - Til første innlegg frå ein talar er det høve til to replikkar og ein svarreplik, alle på 30 sekund.
 - Møteleiinga kan under debatten kome med framlegg om ytterlegare innskrenking av taletida i ei sak. Dette kan og gjelde for talarar som alt har teikna seg.
 - Møteleiinga kan kome med framlegg om strek med høve til å teikne seg under etterfølgjande innlegg. Etter at det er sett strek er det ikkje høve til replikkordskifte.
 - Etter at det er sett strek er det ikkje høve til å fremje framlegg til vedtak
7. Landsmøteutsendingane kan og be om ordet til forretningsorden. Innlegg til forretningsorden og framlegg om utsetjing av ei sak, har prioritet framfor innlegg på talarlista. Framlegg til forretningsorden blir avgjort med vanleg fleirtal. Slike framlegg skal avklarast før landsmøtet held fram med den ordinære debatten.
8. Når det er meir enn to framlegg i ei sak, kan møteleiinga gjennomføre prøverøystingar. Ein trengf ikkje ta med i den endelege voteringa framlegg som har fått under 10% støtte i prøverøystinga. Voteringar skjer ved at landsmøteutsendingane viser røystekort. Dersom minst 10% av dei røysteføre krev det, skal voteringa skje med namneopprop. Ved val skal det vere skriftleg avrøysting dersom minst 10 landsmøteutsendingar krev det. For å bli vald, må ein kandidat ha meir enn halvdel av røystene. Dersom ingen kandidat oppnår dette, skal det haldast nytt val mellom dei to som fekk flest røyster i første omgang. Ved likt røystetal i val mellom to kandidatar, skal valet avgjerast med loddtrekning.
9. Sekretæren fører protokoll frå landsmøtet. Protokollen skal innehalde alle framlegg det har blitt votert over eller som er fremja før vedtak om utsetjing av ei sak, dei vedtaka som er gjort og røystetala for desse. Innan ein månad etter landsmøtet skal protokollen leggast fram til kontroll og underskrift av dei som landsmøtet har vald til å underskrive protokollen.